

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.08.2007
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Statens eierberetning 2006 og Regjeringens eierpolitikk**

Styresak 071/07 O

Styremøte 05.09. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt 2

13. juni 2007 presenterte Nærings- og handelsdepartementet "Statens eierberetning for 2006". Eit slikt dokument blir lagt fram kvart år og formålet er å gi ein oversikt over det statlege eigarskapet, korleis eigarskapet blir forvalta og korleis utviklinga er i dei selskap som staten har eigardel i.

Dokumentet er delt i to. Del ein inneheld kommentarar og oversiktar for året som har gått og ulike artiklar om eigarskapsutøvinga i staten. Del to inneheld ei omtale av dei selskap der staten har eigardel. Dei regionale helseføretaka er omtala under kategori 4 – selskap med sektorpolitiske mål (side 99 – 104).

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er nemnd strategiprojektet Helse 2020, regional plan for rusbehandling, ekstraløyving til opptrenings- og rehabiliteringstenester, høg forskingsaktivitet og det regionale e-handelsprosjektet. I tillegg er det gitt ein omtale av den økonomiske utviklinga.

Frå og med i år har Nærings- og handelsdepartementet også lagt fram eit nytt årleg dokument om regjeringa si eigarpolitikk. Det nye dokumentet gir uttrykk for regjeringa si eigarpolitikk slik den er forankra ved handsaminga av St. meld. nr. 13 (2006-2007) *Et aktivt og langsiktig eierskap*. I forordet er det uttala at eit siktemål med dokumentet er å bidra til større openheit kring det statlege eigarskapet. På denne måten ønskjer regjeringa mellom anna å lette styra sitt strategiske arbeid ved at dei forventningar og mål som staten har som eigar, er klare.

Vedlegg: Statens eierberetning for 2006
Regjeringens eierpolitikk